

Menighetsbladet



Tustna



Aure



Stemshaug

Nr 3 2024 49. årgang



Aure kyrkje 100 år!



Andakten av Svein Anton Hansen, Noreapastoren



SELSKAP I EN FLUE

Kan ensomheten bli så sterk at du blir glad over å se en flue?

En eldre mann stoppet opp og ble igjen. Han ønsket å ha en liten prat. Jeg hadde besøkt et bedehus og holdt møte for de som kom. Nå var de fleste gått, men han hadde det ikke travelt med å komme seg ut. Den eldre mannen virket sliten. Ganske raskt begynte han å fortelle om livet sitt. Konen var død og de hadde ingen barn. Nå var han ensom tilbake i leiligheten sin. «Jeg sitter her alene år etter år etter år. Jeg blir glad hvis jeg ser en stor blå flue komme inn gjennom vinduet. Da har jeg litt selskap.»

Ensomhet er en av vår tids største tabu-emner. Det er så vanskelig og flaut å innrømme at man er ensom, at ingen kommer på besøk, at man har ingen venner. Statistikk forteller at om lag 1 million nord-

menn rammes av ensomhet. Nærmere 300.000 nordmenn kjenner på ensomhet som noe kontinuerlig og vedvarende. Det er dramatiske tall når rundt en femtedel av befolkningen sier de er plaget av ensomhet, med andre ord en uønsket opplevelse av å være alene.

Profeten Jeremia kjente på ensomheten. Ikke bare kjenner vi ordene han sa, men i boken hans blir vi også kjent med personen og hans følelsesliv. «*Aldri satt jeg og moret meg i lag med lystige menn. Ensom satt jeg, grepet av din hånd, for du fylte meg med harme.*» (Jeremia 15,17).

Jeremia følte på utenforskapet. Få, om ingen av hans landsmenn ville være sammen med en så sær person, en som sier at Gud vil straffe folket sitt. En ting var å takle ensomheten han kjente på overfor de han bodde blant. Verre var det å kjenne seg nærmest forlatt av Gud selv. Jeremia må

være et av de mest ensomme menneskene vi leser om i Bibelen.

Guds selskap kan vi verken se, heller ikke alltid føle. Samtidig kan vi være trygge på at midt i den følbare ensomheten og tomheten, der er Gud usynlig til stede. Jesus kan og vil bli din nærmeste venn. Han er vennen du kan si alt til. Han tåler også å høre at du føler deg skuffet av Gud selv. Jeremia torde være ærlig om sine følelser overfor Gud. Jesus forblir den vennen som aldri går fra deg eller svikter deg.

Fluen som kom inn i den gamle mannens stue ville ganske snart fly ut igjen eller dø. En flue tilbyr ikke varig vennskap. Jesus forsvinner ikke fra livet ditt. Hans nærvær er mye sterkere, varmere og behageligere enn hva du får fra en flue.

Minnenens album

Lina Qvam ved prammen på Espneset i Dromnessundet. Lina budde her til ho var over 100 år, og døde 103 år gammel. Ho var gift med seglskuteskipper Alfred Qvam, og dei livnærte seg med småbruk og fiske, samt at Lina var kommisjonær for Ålgaard uldvarefabrikk. Ho rodde til Vihals for handel osv, da det ikkje var veg til bruket før fjellvegen vart opna i 1976, og da ebba straks livet ut for Lina. Dottera Julie Albertine (Julla) vart buande åleine på Espneset til utpå 1980 talet.

Jøran Ullfsnes-Skar



Nora og Elise Winther Sabel døypte i Aure kyrkje 14.07.24.



Dåp 15.09.2024. Dåpsbarnet Maja Eline, mamma Ragnhild og pappa Fredrik.

Jeg har valgt Kveldssalme

Edvard Hoem har skrevet teksten og Henning Sommero har satt tone til. Edvard Hoem skriver så vakkert. Han beskriver teksten i bilder som gir ro og som vi kjenner igjen. Jeg kan ikke tenke meg noe stillere enn et lite barn som ligger og sover.

Han bruker ord som stilt, vart, lett og mildt. Jeg synes det ligger mye kjærlighet i disse ordene.

Beskrivelsen av dogga som «kjem og går, blomar som fell til ro og sus fra nattleg hav», gjør sterkt inntrykk på meg. Han får fram skjønnheten i naturen og kjærligheten i skaperverket.

For meg blir «en dag som varer tusen år» et begrep om tid av bestemt varighet, samtidig som jeg oppfatter det som en evighet,

guddommelig tidløshet. Den setningen som griper meg aller mest er «Så vart som elskarhanda kling i stilla etter harpeslag». Det er mye kjærlighet i den stillheten.


Melodien gjør også sitt til at dette blir ei nydelig salme. Den vakre melodien forsterker ordene og jeg kjenner på en indre ro når jeg lytter til melodien. Kveldssalmen blir en opplevelse av guddommelig kjærlighet og indre ro. Salmen fungerer blant annet godt rett før leggetid. Man sover godt etter å ha lyttet til Kveldssalme.

Kveldssalme

Tekst: Edvard Hoem

Melodi: Henning Sommero

*Så stilt som berre vinden snur
når sommarnatta går mot dag,
Så stilt som berre barnet søv
med fred i sine andedrag,*



*så stilt blir Herrens nåde sendt,
og dagen varer tusen år*

*Så fort som fargar skiftar lei
i auga til ei vaken sjel,
så vart som elskarhanda kling
i stilla etter harpeslag,
slik fyller Herren tusen år,
med lyset frå ein sommardag*

*Så lett som dogga kjem og går
så stilt som blomar fell til ro.
Så mildt som sus fra nattleg hav
skal Herrens time koma no
For han er dagen tusen år,
og tusen år ein sommardag.*

MYKJE FLOTT ARBEID UTFØRT I VÅR/SOMMAR

Sidan sommarbua vart avvikla, måtte vi sjå oss om etter anna sommarhjelp i år. Vi har vore svært heldige: To av våre nye landsmenn har jobba tre dagar i veka sidan 26. juni. Dei er veldig flinke, og har ilag med våre fast tilsette gjort ein svært god jobb i sommar. Etter ein pangstart med god vekst i mai, der vi fort kom på etterskot med klipping, endra dette seg fort. Det er mange år sidan vi har hatt så velstelte gravplassar som i sommar, og det er kome mange positive tilbakemeldingar på dette. I tillegg til å klippe det som er pålagt fellesrådet, har det også blitt klipt rundt gravminna. Dette bidreg til at gravplassane ser flotte og meir velstelte ut.

Det er rydda på haugen ved bautaen på Stemshaug. Vidare er tusenårstreet som Aure kommune planta på Tusenårsstaden i kommunen, kome fram att. Det er rydda eit stort område rundt treet som står mellom Aure kyrkje og prestegardslåna.

Anna arbeid som er gjort:

Trappa ved hovudinngang på Gullstein er restaurert, og blitt meir stødig.

Av malingsarbeid er dette utført i 2024:

- Alle benkane i Aure kyrkje.
- Alle trappene opp til galleri Aure kyrkje.
- Veggane i våpenhusa i Aure kyrkje
- Mykje av veggane i hovudskipet i Aure kyrkje
- Tak, veggar i sakristiet i Gullstein kirke
- Bårerommet på Gullstein blitt mala i ein fin gråtone. Her står att å bytte ut belysning mv.

Kyrkjevevja



LYS VÅKEN

KIRKENS NYTTÅRSFEIRING! - i Aure kyrkje

Lørdag 30. november til søndag 1. desember blir det lys våken for alle 11-åringar (6.klassinger) i Aure, Stemshaug og Tustna. Da blir dere invitert til å være med å feire kirka sitt nyttår, som er 1. søndag i advent. Tilsvarende arrangement blir arrangert i hele Norge, og er en del av trosopplæringsreformen i Den norske kirke. Lys våken handler om å være våken for det som skjer rundt oss. Vi skal være lys våkne for hverandre, for Gud og for oss selv.

Aure kyrkjebrann og bygging av ny kyrkje

Denne artikkelen bygger på stoff fra heftet som klokker Knut O Vik skrev til 50-årsjubileet for Aure kyrkje.

Sokneprest Wangberg sin rapport om brannen stod i forrige menighetsblad. Sokneprest S Wangberg skriver til slutt i sin rapport om brannen: «Det er stor sorg i Aure menighet over tapet, denne menighet som i sjelden grad var glad i sin kirke». Knut Vik syner dette med å ta med i heftet det postopnar Lars A Todal skriver om brannen.

Sitat:

«Postopnar Lars A Todal som da var 85 år sat og såg gjennom stueglaslet sitt at kyrkja brann og skreiv ned fra time til time. Til slutt skriv han noko som dei fleste eldre aurgjeldingar kunne under-skrive men som få kunne ha gjeve ei slik vakker rørende form.

-Kl 10 3/4 er veggene jevnet med jorden, og et ildhav såes over hele tomten efter den gamle kirke. Et sørgelig syn som jeg ikke vil ønske at falde i hver mands lot at oppleve.

Jeg var båret som lite barn ind i dette hus til dåben, jeg var konfirmeret i kirkens kor, jeg var ækteviet i dette kirkekor, - - - hellige minner alt, og jeg tenkte at disse velsignede toner fra kirkens tårn kunde lyde ved min bære, om jeg ikke hørte dem, når jeg bares til min siste hvile; men så var ikke bestemmelsen fra ham som råder over himmel og jord! - Kl 11 1/2 var alt nedbrent, kun enkelte små blus bortover tomten, intet videre såes over grundmuren. Og dermed var vår gamle kjære kirke overlevert til en svunnen tid, men vil ikke glemmes av os eldre så lenge vi lever og råder over tanke og bevissthet.

Da dei som bodde nærast, var samla på brann-tomta, fekk ein høyra både fra den eine og den andre at det snarast råd måtte bli reist ei ny kyrkje. Alle ville vera med og gjera sitt, — Ein ville gje det og ein annan det. Det var soleis stor stemning for å få reist ny kyrkje».

Planlegging og bygging av ny kyrkje

Har ikke datoen for heradstyremøtet, men det måtte vera kort tid etter brannen.

- De satte ned ei forberedende nemnd, 6 medlemmer valgt av heradstyret: Sivert Ødegaard, Ole J. Ertvaag, A.L.Todal, Isak Vaag, Johannes Ruø, og Ole M. Rindal. 3 valgt av soknerådet: Fungerende sokneprest S. Wangberg, P.P.Todal og Albert Vingsnes. Nemda valgte Anders Todal til formann. Nemda skulle mellom anna organi-sere innsamling av penger, tømmer, kjøring, arbeid, motorbåtslep. - Valgte på samme møte etter forslag fra lensmann Angel Landmark et sendelag på 3 mann som skulle reise til Oslo for å få veiledning om



bygging av ny kirke og mulighet for offentlige tilskudd. Disse var S.Ødegaard, Angel Landmark og Anders Todal.

De hadde konferanser med både kirkestat-sråden og ekspedisjonssjefen i kirkedepartementet og riksantikvaren i Oslo. Dette førte til ein lang og grunnitt søknad til kirkedepartementet datert Kristiania 10. febr 1923 (20 dager etter brannen).

- 24. mars velger heradstyret byggenemnd på 8 medlemmer: Svein Vingsnes, Jakob Todal, Torberg Vik, Nils Gudvangen, Peder Strand, Lars A.Torset, Johannes Ruø, Ole P. Bugen og den nyutnevnte soknepresten O.E.Flovik. Heradstyret valgte Torberg Vik til formann.

- Arkitekt Nils Ryjord, Trondheim fikk i oppdrag å arbeide ut tegninger til den nye kirka.

Retningslinjene for arbeidet hans var tegninger til ei korskirke der det utvendige bygget skulle vera i samsvar med stilen og fargesansen som rådde i den tida gamlekirka var bygd, for den brente kirka var så mye ombygd og overmålt at det meste av det opphavelige ikke lenger kom klart fram.

Bestefar fortalte at langskip var vurdert isteden for korskirke. Det ble forkastet.

Kirkekonsulent Erdman la fram forslag om utvendig behandling med gyldenbrun tjærebeis.

Det ble også nedstemt. Byggenemnda ville ha ei hvit korskirke.

Dekorasjonene innvendig skulle så langt råd var være i samsvar med form og farge på den gamle altertavla fra 1730, den som står der i dag.

Konsulent Erdman la og fram plan for innvendig overflatebehandling, mellom anna at tak,

Vegger, og stoler skulle behandles med kjemisk syrebeis slik at treets struktur kom fram og «gi klangbunn for kirkens øvrige dekorative farver og guldstaffering». Erdman sin plan ble endret, slik at fargene i kirka ble som de er nå.

- Ferdige tegninger ble behandlet i byggenemnda 27. april, i overkant av 3 mnd etter brannen, og ble med mindre endringer godkjent av byggenemnda, heradstyret og kirkedepartementet.

- Gavelistene syntte følgende: 70 tylfter tømmer (840 stk), 142 dagsverk kjøring, 18 dager motorslep, kr 9000.- i kontanter.

- Arbeidet med grunnmuren fikk Ivar Ingebrigtsen Fævelen i Stemshaug med arbeidere fra Aure. Den var ferdig høsten 1923.

- Byggmester for kirka ble Edvard Karlsvik fra Bremsnes. Med unntak av sønnen til byggmesteren var alle kirkearbeiderne fra Aure. Bildet i heftet til Knut Vik tyder på at det var 15 stk ialt. Kirkebyggerne var: J. Kalland, P. Åkvik, S. Skogan, Edv. Karlsvik, K. Karlsvik, P. Strand, O. Vingsternes, K. Åkvik, N. Nilsen, J. Fjelnset, I. Vingsternes, M. Strømmen, P. Tømmernes, E. Skogan og H. Ålmo.

- Prekestolnova er et begrep. Dit er alles blick rettet når presten holder preken. Om gamlekirka fortelles det at byggmester Thor-Lars Bårdbakkå fra Valsøyfjord selv gjorde den, og at det var et mesterstykke av tømmermannsarbeid.

- For nykirka er det sagt at Hilmar Ålmo ble satt til å utføre prekestolnova, også et mesterstykke av tømmermannsarbeid. Det må også gå an å si at både Ivar Ingebrigtsen med murarbeidet og byggmester Edvard Karlsvik kunne sine fag med organisering og utføring.

24 oktober 2024 ble nykirka innviet av biskop Gleditsch, nesten nøyaktig 21 mnd etter at gammelkirka brant ned til grunnen.

Når vi i ettertid vurderer hvordan de greide å få bygd ny kirke på så kort tid, er det to ord å bruke: utrolig og imponerende.

Ivar Husby

Jubileumsfeiring Aure kyrkje 100 år

Jubileumsprogram

3. oktober. kl. 19.00 Song og salmekveld i Aure kyrkje

Sanginnslag ved Leif Johan Birkelund og syskena Barlaup.
Lysbilete og fortelling om kyrkja ved Asbjørn Barlaup og Johannes Finset.

16. oktober. Aure barne- og ungdomskole besøker kyrkja

Lysbilete og fortelling ved Asbjørn Barlaup og Johannes Finset.

24. oktober. Barnehagane besøker kyrkja

Samlingsstund

Denne dagen, 24. oktober 1923 var kyrkja innvigd.

27. oktober. Festgudsteneste i Aure kyrkje med påfølgjande jubileumsfest i Bergtun.

Festgudsteneste ved biskop Ingeborg Midttømme, Aure songlag og Aure Misjonskor deltar med felles song.

Jubileumsfest i Bergtun

«Arti Læll» og «Kor i All verden» syng. Lysbilete og fortelling om kyrkja ved Asbjørn Barlaup og Johannes Finset. Helsingar. Servering av karbonadesmørbrød, kaffe og kaker.

For berekning av maten, ber vi om påmelding til festen i Bergtun.

Jubileumshefte

Til 50-årsjubileet skreiv klokkar Knut Vik (far til Ivar Vik) eit hefte om kyrkja i Aure, heilt frå så langt tilbake vi kjenner til og fram til jubileet i 1974. Asbjørn Barlaup og Johannes Finset har tatt på seg og laga eit tilleggshäfte om perioden 1974 - 2024. Begge hefta blir det høve til å kjøpa på festen i Bergtun. Hjarteleg velkommen til feiring av Kyrkja Vår. Vi vonar på fulle hus.

Helsing jubileumskomiteen

Anne Bjørnholm, Ragnhild Finset, Mari Fladseth, Atle Ivar Husby, Ivar Husby, Kjell Pettersen



5 på gata

1. Når var du sist i Aure kyrkje?

2. Vet du hvor gammel Aure kyrkje er?

Kjersti Marit Vik

1. I begravelsen til pappa 23. august.
2. Den er 100 år.



Gunn Sjøli Dromnes

1. Oi, det var på påskevandring med elevene mine.
2. Ja, den er 100 år.



Tove Wiman Henriksen med barnebarna Arthur Utigarden (til h) og Olaus Utigarden (til v.)

1. Jeg har aldri vært i Aure kyrkje. Arthur: Jeg var på julegudstjenesten.
2. Nei. Arthur tipper mellom 100 og 200 år. Olaus tror at den er 50 år gammel



Gunn Bodil Bjerknes

1. Begravelse i fjor.
2. Den var bygd i 1923, tror jeg.



Dordi Signe Oldervik

1. På skolegudstjeneste i jula.
2. Den er bygd i 1921, tror jeg. Nei i 1924.



50-årskonfirmanter på Tustna

Første rad fra venstre: Eli Oline Sagvik, Alice Margaret Ødegård, Lillian Golmen, Gunnhild Irene Todal, og Annie Jorunn Amundsen.

Andre rad: Thor Borge, Ingar Arne Hannasvik, Tormod Aunvik, Ann Kristin Reiten, Alf Edvard Soleim, Randi Margrethe Naustvoll, Oddbjørn Reiten og Ann Jorunn Nordgård

50-årskonfirmanter Aure og Stemshaug 2024

Bak f.v. Tore Ulfsnes, Øystein Hjelen, Torleif Sæter, Åge Eidem, Kristen Bjøring, Knut Ås

2 rekke f.v.: Olav Martin Sletta, Erling Petter Skar, Jan Arve Johannessen, Leif Inge Glomstad, Liss Monica Gjerde, Britta Svelund Torset, Lars Olav Husby, Stig Arild Hestsveen

3 rekke f.v.: Eva Hjelen, Britt Marie Finset Sandøy, Anne Lise Gresset Ulfsnes, Kaare Palmer Lien, Gudmund Melland

4. rekke f.v. Eva Mariann Haltbakk Sandvik, Karin Årvåg, Bente Lillian Kristiansen Istad, Arnhild Bjørshol, Ingveig Ulfsnes.

Innføringen av kristenretten

Innføringen av kristenretten i år 1024 på Moster er et viktig ledd i historien om Norges nasjonsbygging, og feires derfor stort på Moster og i hele landet.

- Feiringen er viktig for hele det norske samfunnet, mener kirkerådsleder i Den norske kirke, Harald Hegstad.

For tusen år siden ble det slutt på at mektige menn kunne gjøre som de ville i Norge. Kristenretten ble innført og konflikter skulle løses gjennom lov og rett, ikke hevn. Nå fikk kvinner og fattige nye rettigheter, og barn kunne ikke settes ut for å dø.

– Med kristenretten fikk hver enkelt tilkjent et helt annet menneskeverd enn i det gamle ættesamfunnet, påpeker kirkerådsleder Hegstad.

– Budskapet om at Gud skapte mennesket i sitt bilde med ukrenkelig verdi, dannet grunnlaget for rettsstaten i Norge. Samfunnsendringene og innføringen var motivert av sentrale budskap kristen tro, som at hvert enkelt menneske er skapt av Gud. Samfunnsendringen og jubileet er derfor viktig for både kirke og samfunn.



Kort om jubileet på Moster

- Det er 1000 år siden Olav den hellige innførte kristenretten i Norge
- Kristenretten er et sett med lover basert på kristne verdier, som ble vedtatt i 1024 på Moster
- Fordi innføringen var et viktig ledd i Norges nasjonsbygging, feires nasjonalt jubileum i 2024
- Kristenretten ble også starten på kirkebygging over hele landet, og er dermed også et kirkejubileum
- De nye lovene slo fast at det finnes noe som er rett, uavhengig av maktforhold eller i samfunnet og ga rettsvern til individet
- Hvert menneske fikk tilkjent et helt annet menneskeverd enn før, basert på det budskapet om at alle er skapt i Guds bilde
- I 2024 skjer det fortsatt krenkelser av menneskers verdi, og jubileet setter derfor søkelys både på det å feire fremskrittene, men også viktigheten av å fortsette å forme et rettferdig og godt samfunn for alle

Magnus Lagabøtes landslov

Tirsdag 1. oktober kl. 18:30 på Aure folkebibliotek
- foredrag med Jørn Øyrehagen Sunde om boka Kongen, lova og landet.

I år er det 750 år siden Kong Magnus Lagabøte samla hele det norske kongeriket under ei lov for første gang. Dette blir markert med et nasjonalt jubileum over hele landet.

Magnus Lagabøtes landslov fungerte som lov i Norge i mer enn 400 år og bidro til å forme Norge slik vi kjenner landet vårt i dag.

Jørn Øyrehagen Sunde er professor i rettshistorie, forsker på Nasjonalbiblioteket, og den fremste ekspert på Landslova av 1274. Boka «Kongen, lova og landet» er et formidabelt verk, der Øyrehagen Sunde skriver fram en mann og ei tid som er overraskende gjenkjennelig og moderne, internasjonalt orientert og jordnær på samme tid.


Foredraget er et samarbeid mellom Litteraturhus Møre og Romsdal og Møre Bispedømme.



Takk til Jan Ove

Jan Ove Krutvik har sidan blad 2/2015 vore redaktør og ansvarleg for menigheitsbladet vårt.

Han har gjort ein framifrå god jobb, for det meste på frivillig basis. Etter nøyaktig ni år, fekk vi beskjed om at han no vil avslutte denne jobben etter blad 3/2024.



Jan Ove har vært stødig og effektiv i oppgåva si, og har gjort ein framifrå god jobb i lag med Ole Kristian Fagerli i Fagtrykk på Orkanger med å setje opp bladet før det har gått i trykken. Vi i bladstyret har hatt eit godt samarbeid med fire møter i året, eit for kvart blad som blir produsert. Vi seier tusen takk for godt samarbeid.

Elles så er vi i desse dagar på jakt etter ny redaktør for menigheitsbladet. Håpar vi lykkast med det, slik at vi framleis får ut bladet fire gonger pr. år.

Vi får tilbakemelding om at Menigheitsbladet er eit kjærkommen blad som blir distribuert ut til alle hustandar i kommunen, og elles sendt til dei som ønskjer det. Det er ei viktig informasjonskjelde for sokneråda og dei aktivitetane som kyrkja har å tilby, som gudstester, trusopplæringstiltak, osv. Elles oppdatera vi gjennom bladet om «Livets gang», vedlikehald av bygg og anlegg og vidare det som skjer i råd og utval.

*Judith Bjørk
kyrkjeverja*

Innsettingsgudsteneste 1. september for Aures nye prest, Per Sigve Særheim

Tekst og foto: Miriam Finset Ingvaldsen

I strålende seinsommarsol var det duka for innsettingsgudsteneste for Per Sigve Særheim, Aures nye prest. Dagen var 1. september, staden var Aure kyrkje. Og det blei ein dag der kyrkja blei fylt av mange; for i tillegg til at mange kom for å ønske Per Sigve velkommen, var det tre dåpsbarn og presentasjon av årets konfirmanter. Det er noko særskilt vakkert når det er mange som stemmer som syng, og det var det i Aure kyrkje denne dagen.

Leiar i Aure sokneråd, Atle Husby, las helsing frå biskopen i Møre: Ingeborg Midttømme. Og også prost Sindre Stabell Kulø ønska Per Sigve velkommen. Per Sigve heldt si første preike i soknet, over søndagens tekst, som var om Marta og Maria som får besøk av Jesus. Om gjestfridom, men mest om å lytte til Jesu ord.

Etter gudstenesta var det duka for ein betre kyrkjekaffi i Aure misjonshus. Mange tok vegen dit, og Per Sigve fekk fleire helsingar og gode ord på vegen, både frå prest og prost, ordførar, soknerådet og familie. Fleire var inne på i helsingane sine at det er ei stor og utfordrande teneste å vere sokneprest. Det er lyse dagar med fest og kake, og så er det dei tyngre dagane, der ein skal møte sorg og fortvilning. Det kan også vere overveldande å vere prest i tre sokn – innimellom vil ein kunne kjenne på at ein er åleine, og at det er mykje ein skal famne. Då er det viktig å stoppe opp, vite at ein ikkje er åleine. For sjølv om Jesus seier til Marta at Maria gjer det rette ved å lytte til Han, er likevel gjestfridomen oss menneske imellom så viktig.

Velkommen til bygda vår, Per Sigve. Vi håpar du vil trivast!



Vårdugnad på Folde


Vi var 12 ivrige samla til innsats og fekk gjort ganske mykje.

Det var fylling av jord og tilsåing etter hekken, fjerning av kvist vestre hjørne, kutting av "sner" utom gjerdet, stussing av gjenverande hekk og maling av bårehusvegg.

Dina serverte vaflar og kaffe som i fjor. Ein fin dag med flott ver og god stemning.

Ivar Husby





Velkommen til på Aure misjons- hus!



Babysang er for alle babyer sammen med mor eller far. Det er en veldig koselig aktivitet for både foreldre og barn. Det er sang, musikk, rytme og bevegelse, alt tilpasset barnets alder. Samlingene blir på Aure misjonshus utvalgte tirsdager kl. 11.00-12.30. Meld deg på ved å sende en mail til elisabeth@aurekyrkje.no eller SMS til 47 97 50 85. Ta med lunsj, drikke blir servert.

Datoene i høst er:

tirsdag 17. september

tirsdag 1. oktober

tirsdag 22. oktober

tirsdag 5. november

tirsdag 26. november



BU HEIME-LEIR

Siste sommerferieuke var det duket for Bu heime-leir på Aure misjonshus. Det ble fullt hus og god stemning. Vi hadde besøk fra Normisjon Molde ved Kathy Seli, som hadde bibelundervisning for oss. Nytt av året var at noen tidligere konfirmanter var med som unge ledere; Vinjar Krutvik, Sigurd Aukan, Amalie Kjørsvik og Ingeborg Sundsby. De var veldig dyktige så det var helt supert å ha de med i tillegg til andre voksenledere!


Første dagen hadde vi en liten utflukt til Øratangen. Dag to dro vi til Bjøringdalen og Bjøringvatnet. Der koste vi oss i den nye gapahuken, og med kano, SUP og bading i nydelig sommervær. Siste dagen avsluttet vi med foreldrefest, som ble toppet med sukkerspinn på vei ut. Innimellom alt dette koste vi oss med leker, spill, mosaikkpynt av

lysestaker, samlingsstunder, sang, curling, tegning, «full storm», tomat-suppe, muffins, frukt og mye mer.



KIRKEKINO

Mandag 18. november kl. 17.00 skal vi vise filmen om Kirkerottene i **Gullstein kirke**, og da er **alle femåringer** hjertelig velkommen sammen med en voksen for å se den. Det blir nesten som ekte kino, i alle fall blir det popcorn å få, og kanskje blir det flere overraskelser som vi ikke kan røpe! Meld deg på til elisabeth@aurekyrkje.no



Konfirmantleir på Søvassli

I år ble det pangstart for konfirmantene. Allerede første helg etter skolestart ble det arrangert leir for alle konfirmantene i Aure, Stemshaug og Tustna på Søvassli Fjellsenter. Det er 21 konfirmanter totalt i år. Det er veldig bra med en slik leir helt i starten på året, for å bli godt kjent. Ekstra kjekt var det at den nye presten, Per Sigve Særheim, også ville bli med, selv om han ikke hadde startet i jobben. Arne Mastad, Judy Rangnes, Marianne Husby og Trine Ulfsnes var også med. Vi gikk gjennom to tema; bønn og gudstjeneste. Det ble en flott helg med mye aktivitet og lite «død»-tid. Av innhold kan vi nevne bønnevandring, kors-samling, luftgeværskytting, samarbeid, 4-meter-sveggen, god mat, «alle mot 2», kiosk, frisbee-golf, fotball, «sheriffen», male Jesus, henge i vinduet. Vi gleder oss til fortsettelsen med konfirmantene.



Alle 2 og 4 åringer er velkommen på familiegudstjenester:

Gullstein kirke 17. november
Stemshaug kyrkje 24. november
Aure kyrkje 1. desember

for å få tildelt «min kirkebok».
(sammen med bilde av 2- og 4-årsbøkene)

Mandag 11. november er det samling for alle **4-åringene** i forkant av utdelingene. Sted: Stemshaug kyrkje. Tid: 16:30-18.

Tirsdag 12. november er alle **2-åringer** velkommen til «KRØLLEKVELD». Sted: Aure kyrkje. Tid: 16:30-18.

Påmelding til elisabeth@arekyrkje.no

HalloVenn

Et positivt alternativ til Halloween! Tema: Gode venner!

Motto: "Det du vil at andre skal gjøre mot deg, det skal du gjøre mot dem!"

Torsdag 31. oktober kl. 17:30 - 19:30
(Sted blir annonsert senere).

FOR ALLE BARN T.O.M. 9. KLASSE
FØRSKOLEBARN I FØLGE MED VOKSNE

- Pris pr barn: ca 100 kr
- Voksne gratis - matsalg

Billetten dekker mat/drikke + godteri og aktiviteter

Kjempeparty med karneval. Vi kler oss med hyggelige og morsomme masker og drakter!

Masse aktiviteter og godteri! Dette blir gøy!

www.hallovenn.no
Arranger: Sammenheng i lokk sammen med 10-åringene

10 kjappe

Favorittmat?	Komla (potetball red.anm.)
Favorittdrikke?	Kaffe
Favorittfilm?	Ringenes Herre
Favorittbok?	Bibelen, og Ringenes Herre
A- eller B-menneske?	B
Favorittaktivitet sommar?	Lese
Favorittaktivitet om vinteren?	Lese

Per Sigve Særheim

Fødd: 03. oktober 1988
Skole: Klepp barneskole
Utdanning: Menighetsfakultetet
Gift: 10. august 2024
Søsken: Syster og bror

-Ingen ber om å bli utbrent, men for meg førte det til at nye dører opna seg. Det seier nypresten, Per Sigve Særheim. Sommaren 2023 var han singel og hadde han ikkje høyrte om Aure. I dag er han gift, og har starta som prest her hos oss i Aure.

Tekst: Jan Ove Krutvik

Bilete: Per Sigve Særheim og Jan Ove Krutvik



Per Sigve Særheim skjenkar i kaffi og byr på sjokolade, i bustaden han og kona, Lisabeth Finset Særheim, leiger på Våg. I skrivande stund er det to veker sidan har vart innsett som prest her i Aure. Som liten var det rockestjerne, kunstnar eller arkitekt han skulle bli. I staden starta han på Menighetsfakultetet (MF) og tok ein bachelor i teologi.

Kall til bli prest

- Medan eg studerte teologi opplevde eg å få eit kall til å forkynne. Etter kvart kom kallet til å bli prest. Eg kjente Gud sa dette skulle eg gjere. Eg fekk òg gode tilbagemeldingar når er forkynnte. Eg hadde berre eit problem. Eg var mest opptatt av å mikse musikk som DJ, kjærleiken min var til musikken. Då bad eg til Gud: Om det er du som kallar meg til forkynning, må du endre kjærleiken min, slik at teologi kjem

på førsteplass og musikk på andre plass. Då snudde det, og slik har det vore i 15 år no, seier nypresten.

Lesing

Per Sigve har vakse opp på Klepp, på Jæren. Då kan det bli uvant mange motbakkar om ein skal gå seg ein tur i Aurenaturen. Motbakkar var det kanskje òg fagleg på skolen. I alle fall strevde Per Sigve med lesing, men først på vidaregåande fekk han diagnose dysleksi.

- På barneskolen vart ein annan gut og eg sendt på gangen for å få ekstra lesetrening. Der las vi i bøker med stor skrift. Dette likte vi veldig godt, for vi fekk premie for å lese, Fanta og bollar, ler Per Sigve.

Dysleksi kan gjere lesing veldig vanskeleg. Likevel starta Per Sigve på eit studie med mykje lesing.

- Eg syntes det var så interessant å studere Bibelen, og å lese filosofi, då måtte eg berre lese. Etter kvart oppdaga eg òg at det var kjekt å lese skjønnlitteratur. Du kan nok seie at eg elsker kunnskap, visdom, filosofi, teologi og skjønnlitteratur. Det hjelper å trene på lesing, eg ligg nok litt under på

hastigheit, men eg markerer og noterer, så eg hugsar det eg har lese godt, fortel Per Sigve.

Trua

Per Sigve har alltid hatt ei tru. Likevel tok han eit standpunkt då han gjekk i 9. klasse, om at han ville gå frå barnetrua til ei meir personleg tru.

Då han flytta til Oslo, og starta på teologistudiane, var han litt forvirra om korleis han skulle leve. Bedehuset hadde meir klare moralske reglar.

- Professorane på MF var ganske relativistiske. Dei sa eg kunne lage min eigen moral. Det fekk eg ikkje heilt til å stemme, seier Per Sigve.

På ein gutetur til Manhattan las han The reason for God, av Timothy Keller. Den boka svarte på alle innvendingar Per Sigve hadde hatt.

- Dette gir mening, men enn relativisme, tenkte han.

- Eg har alltid tenkt at Jesus døde for alle våre synder. Eg mediterte ein gong over Johannes 16, 8, der Jesus fortel at han skal





sende den Heilage Ande: «Og når han kjem, skal han gå i rette med verda og visa henne kva synd er, kva rettferd er, og kva dom er». Då fekk eg sjå at Jesus døde for mine personlege synder.

Kunstnar

På vidaregåande studerte Per Sigve kunst. Etter tre år der kunsten hans alltid vart vurdert, gjekk han lei. Så lei at det gjekk 15 år før han tok opp att målinga.

- Kunsten gir meg noko, og han kan òg bety noko for andre. Eg held på litt med måling no òg, mest med portrett, seier han.

Bibelskolen i Grimstad

Etter teologistudia starta Per Sigve å arbeide på bibelskolen i Grimstad. Der arbeidde og underviste han mykje med trusforvar, apologetikk.

- Trua må gje intellektuell meining, det er vanskeleg å tru på noko som ein opplever som ufornuftig, seier han. Det vart sju meningsfulle år på bibelskolen i Grimstad for Per Sigve. Han fekk undervist ungdommar, og han fekk brukt det han var god på.

- Det var ei fruktbar teneste, men eg hadde alltid tanken om at det var prest eg skulle

bli, fortel Per Sigve.

Møtte veggen

Etter sju år på bibelskolen i Grimstad møtte han veggen, han vart utbrent. Det ende med to månader sjukmeld.

- Då fekk eg tid til å reflektere over kva eg skal med livet mitt. Ingen ber om å bli utbrent, men for meg førte det til at nye dører opna seg. Eg søkte ny jobb, som ungdomsprest på Nærbø, seier han.

No er vi komne til sommaren 2023. Då var det òg nokre kollegaer av Per Sigve som sa han måtte bli med og ha andakt på leir med Tråkk, ei tverrkyrkjeleg friluftsguppe for unge vaksne. På den leiren var det òg ei frå Aure.

- Eg hadde andakt, og så la eg merke til ei vakker jente som sat der. Vi fann tonen og hadde det veldig kjekt i lag. Ho var lett å vere med, ikkje alle er slik. Eg inviterte ho til Sørlandet, og enden på visa vart at Lisabeth og eg gifta oss i sommar, smiler Per Sigve.

Aure

Då det vart klart at Lisabeth og Per Sigve skulle gifte seg, vart spørsmålet kor ein skal busette seg.

- Vi er begge heimkjære. Dei eg arbeidde med masa så mykje om at vi måtte bu på Jæren. Dette vart eg lei av, så eg ringte Ingeborg Midttømme, biskop i Møre, og sa at eg skulle gifte meg med ei frå Nordmøre, og lurte på om ho kunne ha noko jobb til meg. Ho svarte at det var eit bønnesvar at eg ringde, og ho fekk tårer i auga. Etter samtalen gjekk det kring 23 sekund før prost Sindre Stabell Kulø ringde. Han kunne fortelje at dei trong prest Aure, fortel han.



Møtet med Aure har vore positivt, synast Per Sigve.

- Eg har fått høyre at augjeldingen er litt lågmælt og forsiktig, men eg opplever at folk er imøtekomande, og gode på å ta i mot. Aure er ein liten plass, men det er mykje som skjer. No var jo nett Aune Sand her, og snart er det foredrag om Magnus Lagabøtes landslov, fortel Per Sigve. Sjølv sagt kan eg sakna Jæren litt, saknar vener og slikt.

Per Sigve starta i jobben som prest 1. september. Han synast det har vore ein fin oppstart.

- Eg gler meg på dei mange ulike oppgåvene eg får. Då eg arbeidde på Nærbø, budde eg på Klepp. Då sakna eg å bu i bygda eg arbeidde i. Eg ynskjer å vere forankra i bygda. Mest gler eg meg til å få forkynda evangeliet, det er difor eg er her! Avsluttar Per Sigve.



Per Sigve er musikalsk og glad i musikk. Han spelar både gitar og trekkspel. Denne gjengen hadde han julekonsert på pub saman med, og dei hadde digital påskekonsert.

Favorittbibelvers

Han som ikkje sparte sin eigen Son, men gav han for oss alle, kan han anna enn gje oss alt med han?

Romarane 8,

SJØSIDEN
FRISØR
Bente L.
Kristiansen Istad
Mjosundet
Telefon 479 55 426

SL MASKIN A/S
www.smaskin.no

BERTELSEN GRAVFERD
BERTELSEN BGR.NO
Aure - Heim - Rindal - Smøla - Sunndal
72 45 11 11 DØGNVAKT
8. KLUMSTILLYNNING
POST@BERTELSEN-BGR.NO
Skolevegen 50, 6650 Sunndal
Villa Vingen, Ulmenesvegen 1, 6685 Vagland
Villavegen 27, 6687 Vågå
Orlogata 11, 7200 Kyrkeseter
Hjortveien 94, 6500 Alesund

Blomster og gaver i Aure!

- sesongens blomster og planter
- spennende gavebutikk
- busker, trær, stauder.

Vi bringer!

✝	Vi leverer alt til begravelser i Aure og Stemshaug. Frakt kr 50,-	ÅPENT
		ma-to 10-17
		Fre 10-18
		Lør 10-15

Velkommen til Vihals
Flora Idé AS
– Jøran Ulfsnes-Skar –
gartner og dekoratør
Tlf 716 46 500 – 926 81 668

Klær Strand AURE

COOP
vikhals
Dagligvarer, bensin, diesel
6697 Vihals – Tlf 71 64 56 45

Bt BYGGtorget
BYGGVAREHUSET TENNHAUGEN AS

Har du byggeplaner?
Vi er forhandler av Husmenyen og Hyttemenyen

Vi forhandler:

- Arbeidsklær og verneutstyr
- Hus, hytter og garasjer
- Kjøkken, bad og garderobe
- Lås og beslag
- Maling, tapet og gulvbelegg
- Parkett og laminat
- Trelast og byggevarer
- Verktøy og redskaper
- Vinduer og dører

Gode tilbud på impregnermaterialer. Varebringning etter avtale.

Åpningstider:
Mandag - fredag: 07:00 - 17:00
Lørdag: 09:00 - 14:00

Adresse: Tennhaugen Industriområde, 6699 Kjorsvikbugen
Telefon: 71 64 53 20 - Faks: 71 64 53 21
E-post: byggvarehuset@c2i.net

Skipnes Mek. Verksted AS
6697 Vihals
Tlf 71 64 56 41
Faks 71 64 56 67

NEW HOLLAND

Nybygg, rehabilitering, mur- og betongarbeider, puss- og flisarbeider, kjerneboring, betongsaging, graving.

Glamstad Bygg as
6690 Aure Tlf. 71 64 66 60

Vi arrangerer

- * Barned p
- * Konfirmasjon
- * Bryllup
- * Bursdager
- * Minnesamv r
- * Catering

AURE GJESTEGÅRD
Tlf 716 46 238

BUNNPRIS
Aure
09 - 22 (20)
Tlf 71 64 62 70

AURE BIL OG FRITID
Din naturlige samarbeidspartner ved kjøp og service på:

- Bil
- Båt og båtmotor
- Caravan
- ATV
- Tilhenger
- Skog- og hageprodukter
- Verksted for bil, caravan, marine, ATV, landbruk, småmaskiner, EU-kontroll + + +
- Bilpleie
- Karosseri/lakk

Ta Kontakt med oss for en hyggelig handel.

Tlf: 48 48 83 48
E-post: post@arebilogfritid.no
Nettside: www.arebilogfritid.no
Facebook: Aurebilogfritid

Open kyrkje – Stemshaug

Stemshaug kyrkje var open i Aureveka, og vi var heldige å få tidlegare soknerådsmedlemar som kyrkjevertar. Det var flott orgelmusikk av Alexey Kurbanov både tysdag 23.07. og torsdag 24.07. Servering av kaffi og kake/vaflar/kjeks.

Over 70 personar var innom desse dagane, og av dei ein god del turistar.

Stemshaug sokneråd

Open kyrkje – Aure

Aure kyrkje var open under sentrumsdagen i Aureveka. Det var tilbod om guiding og omvising. Det var og høve til å tenne lys i lysgloben. Alexey sørga for musikalske innslag på kyrkjeorgelet.

Rundt 60 menneske var innom kyrkja, der flesteparten av gjestene var hyttefolk og utflytta aurgjeldingar. Tilbakemeldinga frå gjestane var at vi har ei vakker kyrkje, som vi må ta godt vare på. Det er mykje å fortelje om kyrkja vår, som feirar 100-årsjubileum i haust. Inventaret i kyrkja har og ei eiga symbolikk og historie. Vil oppmode fleire til å ta seg tid til å studere kyrkjerommet. Mange viste spesiell interesse for alterskapet. Altartavla er og interessant å sjå nærare på.



Ved stengetid stod lysgloben igjen som eit einaste stort skode og blikkfang. Heile ekvator i globen var dekt med tende lys, med Kristuslyset i sentrum. Det kan vere så mangt folk har i bevisstheita når dei tenner sitt lys. Her kan vi komme med håp, lengsler, takkseiningar, eller for å minnast. I tankar, med ord, med sukk, og med det vi ber på i hjartet. Det er fint å sjå at lysgloben blir godt brukt.

Takk til alle som kom på besøk, og velkommen tilbake!

Mari Fladseth

Åpen kirke på Gullstein

Gullstein kirke var åpen to dager i Aureveka. Torsdag 25.07 og fredag 26.07

To av medlemmene i menighetsrådet var tilstede, for å ønske velkommen til en trivelig prat og informere om kirka. Det var også kirkekafe med servering av kaffe og kaker.

Det var ikke så mange som var innom, som kanskje skyldes at det ikke var satt opp informasjon om dette på utsiden av kirka.

Tustna menighetsråd


Skade på Stemshaug kyrkje

Mange har sikkert undra seg på skadane på veggene ved hovudingangen på Stemshaug kyrkje.

Torsdag 20.06. i år, var det sterk storm i området. Det losna ein mønekam på driftsbygget som ligg ca. 10-15 meter frå kyrkja. Denne smalt inn i veggene og skada fem eternitplater. Det var folk til stades på arbeid som observerte hendinga. Dette kunne vore fort reparert, men sidan dette er ein vegg belagt med eternit, gjer det situasjonen litt meir komplisert. Her må vi inn med entreprenør som har løyve til å jobbe med asbest.

Kyrkjeverja har vore i kontakt med eit slikt firma som vil sjå på skaden.

Kyrkjeverja



MIDDAG PÅ EIN KVARDAG STAD: AURE MISJONSHUS



For alle, barn med følgje.

Påmelding til: elisabeth@aurekyrkje.no
Husk å meld ifrå om allergiar eller om du heller ønskjer pølse med brød.
Påmeldingsfrist: søndagen før.

Maks tal: 50 personar.
Minimum: 15 påmelde.

Ta med ein ven og kom!

Tid: 15:30.
Dørene er
opne frå
14:45 – 17:00

Tysdagane:
24. sept.
5. nov.
3. des.

Pris:
born 50 kr,
vaksne 100 kr

ARRANGØR

DEN NORSKE KIRKE
V/ DIAKONIUTVALET



Livets gang

Aure kyrkje

Døpte:

16.06.24 Tobias Eide Hjertvik
 14.07.24 Elise Winther Sabel
 14.07.24 Nora Winther Sabel
 01.09.23 Selma Kiplesund Ness
 01.09.24 Thale Kiplesund Ness
 01.09.24 Ylva Vaag

Vigde:

10.08.24 Per Sigve Særheim og Lisabeth Finset

Døde:

17.03.24 Knut Normann Sandvik f. 1950
 25.06.24 Herdis Oddny Bergfall f. 1950
 01.07.24 Bjørnar Torseth f. 1946
 15.07.24 Tor Magne Skar f. 1938
 23.07.24 Ole Vikhals f. 1932
 13.08.24 Hans Våg f. 1938
 08.09.24 Lars Ivar Lie f. 1951
 13.09.24 Anny Råket f. 1934

Gullstein kirke

Døde:

13.09.24 Otto Gjølset f. 1927

Stemshaug kyrkje

Døpte:

30.06.24 Kurts Kristofers Antonovs
 15.09.24 Maja Eline Oldervik Sundsby

Vigde:

01.06.24 Ronja Eikeset og Ivar Bakk
 17.06.24 Camilla Nordstrand Espetvedt og Sigurd Jan Wessel, gift på Averøy

Retting

Livets gang blad 2/24

Tustna:

Døde: 29.04.24 Robert Amandus Grønning f. 1944

Aure, Stemshaug og Tustna sokn

Adresse:

Aursundsvegen 147
 6690 Aure
 post@arekyrkje.no

Kyrjekontoret, Aure

Tlf: 71646251

Kontortid:

Ty-, to-, og fredag

kl 0900-1300

www.aurekyrkje.no

Telefonar:

Kyrkjevevje:

Judith Bjørk: 924 35 280

Prestevikar:

Organist:

Alexey Kurbanov: 924 30 113

Kyrkjetenar / Gravplassarbeidar

Roger Steen

468 62 240

Kristian Husby

942 79 958

Reinhaldar: Kari Anita Kallandsvik

Sekretær:

Judy Ranges

tlf: 479 75 472 (vikar)

Dordi Signe Oldervik

479 75 472 (permisjon)

Trusoppplærar/Konfirmantlærar:

Elisabeth Finset: 479 75 085

Bladstyre:

Jan Ove Krutvik: 915 21 410

Asbjørn Barlaup: 482 37 889

Miriam Finset Ingvaldsen: 918 11 325

Marit Klungen, Jøran Ulfsnes-Skar,

Gunn Randi Fosslund og

Judith Susanne Bjørk.

Menighetsbladet kontonr.

4068.30.04415

VIPPS: 611170

Trykk:

Fagtrykk Orkla AS

Vareminnesider.no – dødsannonsar frå heile landet

GÅVER TIL KYRKJELYDEN - nye bankkontoar frå 01.01.2024

Dersom nokon har lyst til å gje ei gåve til arbeidet i kyrkjelyden, er det høve til det. Dette kan være minnegåve eller ønskje om å støtte frivillig arbeid, som t.d. barne- og ungdomsarbeid eller besøksteneste.

Kyrkjelydsarbeidet i Aure sokn/ barne- og ungdomsarbeid
 *3930 18 13493 Vipps: 119778

Kyrkjelydsarbeidet i Stemshaug sokn/ barne- og ungdomsarbeid
 *3930 18 13523 Vipps: 119784

Menighetsarbeidet i Tustna sokn/ barne- og ungdomsarbeid
 *3930 18 13531 Vipps: 119785

Aure Blomsterfond (til å gjere kyrkjer og kyrkjegardar finare)
 *3930 18 17049

Stemshaug Blomsterfond (til å gjere kyrkjer og kyrkjegardar finare)
 *3930 18 17138

Diakoniutvalet
 *3930 18 16980 Vipps: 611293
 Kyrkjemusikalsk arbeid
 *3930 18 17014

Konfirmantarbeidet
 *3930 18 17022

Menighetsbladet
 * 3930 18 17065 Vipps: 611170

Dei gamle bankkontiane vart trykkt i førre nr. av menighetsbladet. Vi beklagar!



ØYVILT

6694 Foldfjorden

TLF: 915 75 803

Vilt-Fisk-Fiskemat

Ring oss på
 481 57 263 / 915 75 803
 for en hyggelig prat.



Vi tilbyr catering til alle anledninger

- Dåp
 - Konfirmasjon
 - Minnesamvær
 - Bryllup
 - Møtemat og lunsjer

Vi kan tilby en variasjon av retter; koldtbord, tapas, snitter, varmretter og desserter.



Gudstenester

Med atterhald om endringar
– følg med i aviser og oppslag og på
websiden www.aurekyrkje.no

06.10.2024	11:00	Gullstein kirke	Høgmesse
20.10.2024	11:00	Stemshaug kyrkje	Høgmesse
27.10.2024	11:00	Aure kyrkje	Høgmesse og 100-årsjubileum
03.11.2024	11:00	Gullstein kirke	Minnegudstjeneste - Allehelgensdag
03.11.2024	16:00	Stemshaug kyrkje	Minnegudsteneste - Allehelgensdag
03.11.2024	19:00	Aure kyrkje	Minnegudsteneste - Allehelgensdag
17.11.2024	11:00	Gullstein kirke	Familiegudstjeneste med bokutdeling til 2- & 4-åringar
24.11.2024	1:00	Stemshaug kyrkje	Familiegudsteneste med bokutdeling til 2- & 4-åringar
01.12.2024	11:00	Aure kyrkje	Fam.g.tj. m/ bokutdeling til 2- & 4-åringar og Lys vaken
01.12.2024	15:00	Stemshaug kyrkje	Familiegudsteneste med sang og musikk
08.12.2024	16:00	Gullstein kirke	Lysmesse
08.12.2024	19:00	Aure kyrkje	Lysmesse
24.12.2024	13:00	Gullstein kirke	Familiegudstjeneste
24.12.2024	15:00	Aure kyrkje	Familiegudsteneste

Ikkje julemesse

I år blir det ikkje julemesse med NMS på Aure misjonshus.

Fra slitt til nytt

Vi i Gravfix fikser
gravplassen slik at den blir
seende ny og flott ut.



Kontakt oss
91 56 83 05
gravfix@gravfix.no



12 rette om Aure kyrkje

- Kven bygde tre kyrkjer «på Mørene» på 900-talet, der ei kanskje var på Aure?
(H) Harald Hårfagre (U) Håkon den gode (B) Olav den heilage
- Kva for helgen var den eldste kjende kyrkja på Aure vigd til?
(H) Sankta Maria (U) Sankt Andreas (B) Sankt Olav
- I alterskåpen frå 1400-talet er det ein helgen som ber eit barn. Kven er det?
(H) Sankt Nikolas (U) Sankt Peter (B) Sankt Kristoffer
- Kva heitte den første Aure-presten vi veit namnet på?
(H) Jens Olsson (U) Olav Svarte (B) Eiric Thorsteinsson
- Kva for prest er «stamfar» til kanskje dei fleste aurgjeldingar?
(H) Cristen op Oure (U) Iver Prest (B) Størker Olufson
- Kva heitte presten som kunne bruke Svarteboka og mane?
(H) Peder Ascanius (U) Lars Krabbe (B) Peder Krabbe d.y.
- Kven bygde den noverande prestegarden?
(H) EilerHagerup (U) Ole Frost (B) Peter Buschmann
- Kva for prest starta bygginga av skulehus i Aure?
(H) Sæmund Vik (U) Ole Norman (B) Erik Thormodsæter
- Når brann Aurekyrkja?
(H) 1922 (U) 1923 (B) 1924
- Kva var det som forårsaka brannen?
(H) Kortslutning (U) Lynnedslag (B) Ein pyroman tende på
- Kor mange sitjeplassar fekk nykyrkja?
(H) 600 (U) 700 (B) 800
- Kva for prest tala Tyskland midt imot under krigen og vart arrestert av tyskarane?
(H) Ole Flovik (U) Jørgen Overå (B) Rolf Dyrlic



Asbjørn

U H B U H H B B U B U

Fasit på 12 rette om Aure kyrkje:

Lederkurs

For deg som går på 10.trinn og 1.vgs og ønsker å utvikle deg som leder.

Fredag 25. og lørdag 26. oktober på Aure misjonshus.

Bra undervisning, kjekke aktiviteter og god mat!
Program og mer informasjon kommer på
facebooksidene «trosopplæringen i Aure».

Påmelding: bruk qr-koden eller ta kontakt med
Elisabeth Finset 47975085 elisabeth@aurekyrkje.no
Per Sigve Særheim og Lars Olav Lundø blir også med.



SONG- OG SALMEKVELD I HØVE 100-ÅRS KYRKJEBILEUM

AURE KYRKJE

TORSdag DEN 03.10.2024 kl. 19.00

TEMA: KYRKJA, GUD OG MENNESKE / HAUST



Musikarar:

Leif Johan Birkelund, Peder Hønsvik, Hans Olav Husby og Alex Kurbanov m. fl.

Forsongargruppa

Allsang og kyrkjekaffi



HJARTELEG VELKOMNE - BÅE STORE OG SMÅ!